



ØKOKRIM

ÅRSMELDING 2010



Innhold

- 05** Forord

- 06** Kort om ØKOKRIM

- 07** ØKOKRIM i tal

- 08** Organisasjon

- 09** Om saksinntak

- 10** Gjenopning av ankenekstsaker

- 13** ØKOKRIM-saker 2010

- 26** Kompetanseorganet ØKOKRIM



ØKOKRIM-SAKER 2010

- 13** Korrupsjon
- 13** Skatte- og avgiftskriminalitet
- 14** Konkurranseskriminalitet
- 14** Konkurskriminalitet
- 15** Kvitvasking
- 15** Inndraging av utbytte
- 16** Subsidiekriminalitet
- 18** Verdipapirkriminalitet
- 18** Finansielle bedrageri
- 19** Miljøkriminalitet
- 21** Eininga for finansiell etterretning (EFE)
- 25** Bistandssaker



Årsmeldinga er utgitt:

mars 2011

Trykk og opplag:

600, Departementenes servicesenter (DSS)

Grafisk formgiving:

ØKOKRIM ved Lillian Nordby Øktner

Foto:

- Samfoto
- ØKOKRIM ved Kenneth Didriksen, Haakon Haaverstad og Lillian Nordby Øktner

Adresse:

Pb. 8193 Dep., 0034 Oslo

Telefon sentralbord: 23 29 10 00

Tipstelefon/desken: 23 29 11 00

Telefaks: 23 29 10 01

E post: post.okokrim@politiet.no // desken.okokrim@politiet.no

Nettside:

www.okokrim.no

Forord

2010 har vore eit år med stor aktivitet, høg medieprofil – og organisasjonsutvikling. For første gong har vi over 500 dagsverk i retten, og vi har kome med ein omfattande trusselvurdering. Saka om stortingspensjon og etterforskning av eit regjeringsparti har til tider skapt eit intenst mediefokus. Vi har òg fått fleire høgsterettsavgjerder, mellom anna om at revisormedarbeidarar kan straffast for medverknad til brot på rekneskapslova, og at sjølv mindre inngrep i freda område krev godkjenning frå kulturminnestyresmaktene. I ei anna avgjerd har Høgsterett vedteke at straffesaker kan gjenopnast på visse vilkår når anken har vore nekta utan grunn. (Sjå saka «Gjenopning av ankenektsaker» lengre ut i denne rapporten.)

ØKOKRIMs saker har dei siste åra resultert i om lag 400 rettsdagar årleg, historisk sett oftast i tingretten. Etter at Høgsterett i storkammer i desember 2008 avgjorde at all ankenekt skal grunnjevast, har ankar frå dømde personar ført til mykje ekstraarbeid. I 2010 passerte ØKOKRIM for første gong 500 rettsdagar, for første gong òg med ei overvekt av rettsdagar i høgare rettsinstansar. Dette har ført til auka bruk av ressursar på kvar enkelt sak og lengre saksbehandlingstid.

2010 var òg året då vi publiserte vår trusselvurdering for 2011–2012, der skatte- og trygdesvindler, korrupsjon og forureiningskriminalitet vart identifiserte som dei største truslane innafor økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. I tillegg til materiale frå ØKOKRIM byggjer rapporten på innspel frå økoteama og miljøkoordinatorane i politidistrikta, intervju med skatteetaten, NAV

og tolletaten, og aktuelle norske og utanlandske analysar og forskning på desse områda.

Det har òg vore eit år med viktige omorganiseringar som gjer at vi i 2011 får ei mindre leiargruppe og ein meir fleksibel og effektiv organisasjon, der våre 145 høgt kompetente og engasjerte medarbeidarar – vårt største aktivum – kan halde fram med å førebyggje og kjempe mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

Vi gjentek frå årsmeldinga vår i 2009: Det er viktig at ØKOKRIM og politiet elles har kapasitet til å behandle den alvorlege kriminaliteten som blir kjendt gjennom politimeldingar eller på annan måte. Dette er framleis ei hovudutfordring.

ØKOKRIM har som mål å vere den fremste organisasjonen i Noreg i kampen mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Vi skal arbeide for best mogleg allmennprevensjon gjennom behandling av straffesaker og finansiell etterretning. Såleis vil vi vere med om å verne viktige verdjar.



« 2010 HAR VORE EIT ÅR MED STOR
AKTIVITET, HØG MEDIEPROFIL
– OG ORGANISASJONSUTVIKLING ».

ØKOKRIM-SJEF TROND EIRIK SCHEA.



« VI LIGG LÅGT UNDER ETTERFORSKINGA AV OMSYN TIL SJØLVE ETTERFORSKINGA OG DEI INVOLVERTE. »

Kort om ØKOKRIM

ØKOKRIM vart etablert i 1989 som den sentrale eininga for etterforskning og påtale av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. I kampen mot desse kriminalitetsformene fungerer eininga som eit kompetansesenter i politi- og påtalemakta. I tillegg til å vere eit særorgan underlagt Politidirektoratet, er ØKOKRIM eit statsadvokatembete med nasjonal mynde under Riksadvokaten.

Visjon – verne viktige verdiar

Noreg er eit godt land å leve i. Eit velferdssamfunn med stor grad av sosial og økonomisk tryggleik. Ved å kjempe mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet, som er ein trussel mot denne tryggleiken, er ØKOKRIM med om å verne viktige verdiar i det norske samfunnet.

Overordna mål

ØKOKRIM har som mål å vere den fremste organisasjonen i kampen mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Eininga arbeider for best mogleg allmennprevensjon gjennom behandling av straf-

fesaker og finansiell etterretning.

Allmennprevensjon er eit sentralt mål for verksamda i ØKOKRIM. Gjennom arbeidet med konkrete straffesaker átvarar vi allmenta om at ein risikerer straff om ein bryt reglane på våre område. Størstedelen av ressursane ved ØKOKRIM vert nytta i arbeidet med konkrete straffesaker.

ØKOKRIMs oppgåver:


- avdekke, etterforske, påtale og føre eigne saker for retten
- hjelpe nasjonale og utanlandske politi- og påtalemakter
- heve kompetansen i politiet og påtalemakta og drive opplysningsverksemd
- drive kriminaletterretning, med vekt på å få inn og analysere rapportar om mistenktelege transaksjonar
- vere rådgjevande organ for sentrale styresmakter
- delta i internasjonalt samarbeid

ØKOKRIM i tal

Nøkkeltal	Eining	2010	2009	2008	2007
Fellande dom i rettskraftige avgjerder	%	83	86	82	87
Oppklaring	%	82	93	83	95
Rettsaker (tingrett, lagmannsrett, Høgsterett)	tal	38	40	45	34
Rettskraftige avgjerder	tal	49	42	42	59
Rettskraftige økonomiske reaksjonar	mill. kr	58	21	94	2 448 ¹⁾
Påtalevedtak (positive)	tal	21	46	51	51
Nye sakskompleks	tal	19	26	33	42
Sakskompleks under etterforsking	tal	40	39	47	41
Saksbehandlingstid	dagar	391	314	340	390
Bistandssaker	tal	51	53	67	75
Meldingar om mistenkjelege transaksjonar	tal	6 660	6 166	9 026	7 543
Budsjett (heimla tildeling per 31. des.) ²⁾	mill. kr	131	121	110	106
Årsverk (tilsette per 31.12.) ³⁾	tal	145	152	136	136

Figur 1. Nøkkeltal

Figur 2. Kjønnfordeling i ØKOKRIM



NOTER

- 1) Idømd erstatning i sakskomplekset Finance Credit: 2 milliardar 357 millionar kroner
- 2) Øyremerkte middel er ikkje medrekna
- 3) ØKOKRIM har tidlegare rapportert talet på stillingsheimlar (faste og engasjement). Frå og med 2010 rapporterer vi årsverk (tilsette per 31.12).



Organisasjon


I 2010 hadde ØKOKRIM tolv team med ansvar for kvart sitt fagområde. Dei fleste teama har som hovudoppgåve å etterforske og føre egne straffesaker for retten, med unntak av Bistandsteamet, som hjelper politidistrikta, og EFE som får inn og behandlar etterretningsinformasjon.

Teama er sett saman av spesialefterforskarar, dels med politibakgrunn, dels med økonomisk eller miljøfagleg bakgrunn. Dei fleste teama vert


leidde av ein førstestatsadvokat, og har òg ein politiadvokat.

ØKOKRIM er i ferd med å etablere ei mindre leiargruppe som i tillegg til ØKOKRIM-sjefen og den assisterande ØKOKRIM-sjefen vil omfatte sju avdelingsleiarar. Desse representerer etterforskingsteama for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet, Eininga for finansiell etterretning og avdelingane for data og administrasjon.

Figur 3. Tal rettsaker i 2010



Figur 4. Positive påtalevedtak i 2010⁴⁾



NOTER

- 4) Positive påtalevedtak er etterforsking som resulterer i for eksempel tiltale eller førelegg/bot.

Om saksinntak

Dei fleste sakene innafor arbeidsområda til ØKO-KRIM vert behandla av politidistrikta. ØKOKRIM etterforskar og fører for retten store, komplekse

og/eller prinsipielle saker. Mange av sakene har forgreiningar til utlandet. Leiinga i ØKOKRIM avgjer kva for saker som skal etterforskast.


Økonomisk kriminalitet er mellom anna:

- korrupsjon
- kriminalitet knytt til verdipapirmarknaden
- misbruk av offentlege stønadsordningar (subsidiebedrageri)
- rekneskaps- og revisjonslovbrot
- konkurstriminalitet
- skatte-, avgifts- og tollunndraging
- konkurransekriminalitet
- utruskap og underslag
- grove bedrageri
- kvitvasking av utbytte


I miljøkriminaliteten opererer ein med fire hovudkategoriar:

- forureiningskriminalitet (inkludert næringsmiddelkriminalitet og handtering av farleg avfall)
- naturkriminalitet (for eksempel ulovleg jakt og fangst, og ulovlege inngrep i verneområde)
- kunst- og kulturminnekriminalitet (for eksempel fjerning eller øydelegging av kulturminne og brot på plan- og bygningslova)
- arbeidsmiljøkriminalitet (for eksempel manglande opplæring eller feil på utstyr som kan føre til død eller personskade)

Figur 5. Nye sakskompleks i 2010



Figur 6. Rettskraftige avgjerder frå 2010



Gjenopning av ankenektsaker

Etter at Høgsterett i storkammer i desember 2008 hadde avgjort at all ankenekt skal grunnjevast, kravde ein dømd person gjenopning av straffesaka si som tidlegare hadde fått rettskraft. Han viste til at lagmannsretten ikkje hadde grunnjeve ankenekten i saka hans. Den 12. oktober 2010 vart denne saka avgjort av Høgsterett i storkammer, som vedtok at ei avgjerd frå Gjenopptakingskomisjonen om ikkje å gjenopne ei ankenektsak, var ugyldig fordi ho bygde på urett rettsbruk. På bakgrunn av denne avgjerda fastsette Riksadvokaten den 13. oktober 2010 dette direktivet: «Påtalemyndigheten skal trekke sin fullbyrdelsesordre der domfelte:

- fremsetter begjæring om gjenåpning på grunnlag av at lagmannsretten har truffet en ubegrunnet beslutning om ankesiling[...], og
- den ubegrunnede ankenektelsen i saken ble påanket (eller påkjært) til Høyesterett innen straffeprosesslovens ankefrist, og
- angrepet på silingsbeslutningen knyttet seg til forhold som kan anses å gjelde manglende reel overprøving eller begrunnelse, og
- domfelte begjærer seg løslatt»

I løpet av hausten 2010 handterte ØKOKRIM i alt

12 krav om gjenopning av straffesaker som følgje av denne endringa av rettstilstanden. Sakene reiste òg ei rekkje andre rettslege spørsmål, som for eksempel samanhengen mellom høvet eller høva ankenekten gjeld for når ein har ein delvis ankenekt, og dei andre delane i ei sak. Arbeidet med desse sakene har prega ØKOKRIM sin haust 2010 og vil òg venteleg prege 2011.

” Domstolene har vært kritisert for å avvise økokrimsakene for lett

HELEN SÆTER, GJENOPPTAKELSES-KOMMISJONEN

« ALLE HAR EIT SAMFUNNSANSVAR, OG BØR SEIE FRÅ OM STRAFFBARE HANDLINGAR. »

ANKEBEGRUNNELSE FÆRRE SAKER ENN VENTET**Flest økonomiske straffesaker**

IKKE OVERRASKET: Gjenopptakelseskommisjonens leder Helen Sæter tror mange har innfunnet seg med tidligere avsagte dommer og derfor ikke ønsker ankeavslag behandlet på nytt. FOTO: SZAPPA

Fra 10.000 til 40 saker

JUS: 40 personer har bedt om begrunnelse for ankenekt etter at det kom nye regler i oktober. Alle har fått medhold.

PIA CAMILLA SKJØTHAUG
PCS@FINANSAVISEN.NO

I begynnelsen av oktober i år kom Høyesterett frem til at de «nye» reglene for begrunnelse av ankeavvisninger i lagmannsrettene skal ha tilbakevirkende kraft, med fem år. I etterkant av dette ble det nevnt at så mange som 10.000 personer ville kunne komme til å forsøke å få sakene sine anket på nytt.

Ved årets slutt har det bare kommet inn i overkant av 40 slike saker til gjenopptagelseskommisjonen.

– Da Høyesteretts avgjørelse ble kjent kom mange anslag og beregninger, men vi var raske til å si at nå får vi vente å se hva dette vil bety i praksis, sier leder i Gjenopptakelseskommisjonen Helen Sæter.

Avvist for lett

Sæter er ikke overrasket over antallet. – Det kom en del saker med en gang, og det kommer sikkert til å

komme noen flere selv om det har dabbet litt av nå. Potensialet er jo der, men det er nok mange som har slått seg til ro med dommen sin, eller som kanskje har sonet ferdig.

I følge Sæter er det økonomiske straffesaker som utgjør den største delen av saker de har mottatt.

– Jeg ønsker ikke å spekulere i hvorfor det er slik, men dette er ofte komplekse saker. Domstolene har jo vært kritisert for å avvise disse sakene for lett.

John Christian Elden, som var den som vant frem med at retten til begrunnelse skulle være tilbakevirkende, er den advokaten som har sendt flest ankebegrunnelssaker til Gjenopptakelseskommisjonen.

Så godt som alle har fått medhold i begjæringen om begrunnelse

for ankenekt. Det betyr at dommen deres ikke er rettskraftige, enten frem til det foreligger et begrunnet avslag på anke, eller til det er avsagt ny dom etter eventuell ankeforhandling.

Elden forteller at han har fått medhold i gjenopptakelseskommisjonen blant annet for Terje Bogen og Trond Kristoffersen, i tillegg til en rekke andre saker som nå skal til ny behandling i lagmannsretten.

Andre saker er for eksempel en drapsak fra Lillestrøm som også får ny behandling. Alle er løslatt fra soning som følge av avgjørelsene.

– Jeg synes det er positivt at Norge så langt rår er forsøker å rette opp menneskerettsbrudd begått i egen bakgård og ikke bare pe-



FLEST SAKER: John Christian Elden har sendt flest ankebegrunnelssaker til Gjenopptakelseskommisjonen. FOTO: IVAN KVEMME

ker på det som skjer i andres hager.

– Jeg regner med at en del av disse sakene vil avdekke at det har funnet sted justismord i Norge.

Røde Kors-saken

En av de siste sakene som har fått grønt lys for ny ankebehandling er Røde Kors-saken. Her ble noen av landets strengeste korrupsjonsdom-

mer avsagt i 2004 og 2005. To av de tre domfelte ba nylig om ankebegrunnelse.

– For den ene av dem var fristen egentlig gått ut med et par måneder, men vi har besluttet gjenåpning av begge sakene på grunn av den nære sammenhengen mellom dem. Den tredje domfelte har ikke bedt om ny behandling, forklarer Sæter.

VI VERNER
VIKTIGE VERDIER

6000

ØKOKRIM-saker i 2010

I trusselvurderinga frå ØKOKRIM for 2011–2012 er skatte- og trygdesvindel, korrupsjon og forureiningskriminalitet identifiserte som dei største truslane innafor områda økonomisk kriminalitet

og miljøkriminalitet. Nedanfor følgjer nokre korte situasjonsskildringar for kvart av områda, med døme på saker i 2010.

Korrupsjon

I PriceWaterhouseCoopers sin rapport «Global Economic Crime Survey» frå 2009 nemnde 21 prosent av dei norske verksemdene som var med i undersøkinga, at dei hadde vore utsette for korrupsjon og/eller smørjing.

Dei siste åra har ein i Noreg avdekt fleire korrupsjonssaker mellom anna i kommunane. Det er vanskeleg å oppdage korrupsjon utan tips eller varsling, ettersom korrupsjon er ein hemmeleg avtale mellom to eller eit fåtal personar. Sjeldan finst det vitne til sjølve korrupsjonshandlinga, og folk melder sjeldan frå om korrupsjon, ettersom både givaren og mottakaren i ein korrupsjons-situasjon vil vere mistenkte.

Døme på sak:

ØKOKRIM har i 2010 etterforsa den tidlegare daglege leiaren i Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) for moglege brottsverk. Som følgje av etterforskinga er han og to av dei mest sentrale leverandørane av tenester til SNSK sikta for mellom anna brot på korrupsjonsreglane. Bakgrunnen for siktingane er informasjon om til dels store pengeoverføringar frå leverandørane til den tidlegare daglege leiaren. Overføringane er av ein slik art at ein med skilleg grunn kan mistenkje den tidlegare daglege leiaren og leverandørane for grov korrupsjon. Ingen av dei sikta har vedgått straffeskuld, og saka er framleis under etterforsking.

Skatte- og avgiftskriminalitet

Skatte- og avgiftskriminalitet er mangearta kriminalitetsformer som spenner frå svart arbeid til illojal skatteplanlegging etterfølgd av informasjonssviikt overfor styresmaktene. Ei av utfordringane med skatte- og avgiftskriminalitet er at det er stor sosial aksept for kriminalitetsforma, slik at ein legg lite vekt på handlingane. Skatte- og avgiftskriminalitet fører til store inntektstap for staten, og er i tillegg konkurransevridande for aktørane i marknaden. Verksemdar som driv lovleg, risikerer å bukke under i konkurransen mot verksemdene som finansierer drifta med unndregne skattar og avgifter. Det er derfor svært viktig at denne typen kriminalitet vert forfølgd, og at domstolane reagerer tilstrekkeleg på desse handlingane.

Døme på sak:

I ei ØKOKRIM-sak dømde Oslo tingrett ein mann til fengsel i to år og tre månader for grovt meirverdiavgiftsbedrageri og grov økonomisk utruskap for

til saman ca. 38 millionar kroner i bygg- og anleggsbransjen. Han vart òg dømd til inndraging av 400 000 kroner og varig rettstap. Han hadde teke ut store kontantbeløp frå bankkontoane til ei rekkje selskap i bygg- og anleggsbransjen, og deretter skrive ut fiktive fakturaer for å dekkje opp desse beløpa. Medverknaden gjekk ut på å ta ut pengar frå selskapa sine bankkontoar og overlevere dei til hovudmannen.

Saka er eit resultat av satsinga i ØKOKRIM mot økonomisk kriminalitet i bygg- og anleggsbransjen, ei satsing som har leidd til fleire dommar.

« SKATTE- OG AVGIFTSKRIMINALITET
GIR FÆRRE SKATTEKRONER TIL
FELLESKAPET. »

Konkurrensekriminalitet

Konkurrensekriminalitet i form av kartellsamarbeid går i hovudsak ut på at to eller fleire aktørar samarbeider om å dele ein marknad, fordele anbod seg imellom og/eller samordne prisar. Konkurransetilsynet viser til at ulovleg konkurranseavgrensande samarbeid av denne typen kan føre til prisar som ligg 10–30 prosent høgare enn om føretaka hadde konkurrert. Næringslivets sikkerhetsråds «Kriminalitets- og sikkerhetsundersøkelse 2008» viser at tolv prosent av verksemdene som deltok i undersøkinga, hadde kjennskap til konkrete prissamarbeid i deira eigen bransje.

Konkurrensekriminalitet er vanskeleg å av-

dekkje. Grunnlaget for det ulovlege samarbeidet er ofte munnlege avtalar mellom aktørar som er einige om at avtalane ikkje må bli kjende, derfor finn ein sjeldan spor av slike avtalar i dei ordinære rekneskapa og dokumenta til selskapa. Kundar og konkurrentar som vert førte bak lyset, oppdagar ofte ikkje at dei er blitt lurte. Konkurransetilsynet fekk i 2004 heimel til å gje administrativt gebyr for brot på kartellforbodet. Konkurransetilsynet har dei seinare åra avdekt fleire kartell og gjeve store bøter. Dette sivilrettslege sanksjonsmiddelet vil naturleg leie til færre saker i straffespetet.



« MANGE AV SAKENE VÅRE HAR FØRGREININGAR TIL UTLANDET. »

Konkurskriminalitet

Konkurskriminalitet undergrev den nødvendige til-liten i marknadsøkonomien, samstundes det fører til økonomiske tap for aktørar, eller for staten som har fordringar i konkursbuet. Konkurs i seg sjølv er ikkje kriminelt. Men ei undersøking viser at det er ein rimeleg samanheng mellom talet på konkursar og talet på meldte konkurslovbrøt. Mengda konkursar svingar med konjunkturane.

Døme på sak:

Innafor konkurskriminalitet har vi i 2010 hatt tiltale og hovudforhandling i den såkalla «Fortuna»-saka. Tre næringsdrivande vart tiltalte for økonomisk kriminalitet over ei årrekke, der fleire av dei involverte selskapa gjekk konkurs. Tiltalen omhandla tilfeller av økonomisk utruskap, bedrageri, dokumentforfalsking, brot på meirverdiavgiftslovgjevinga og fleire grove rekneskapslovbrøt. Dei tiltalte hadde gjennom ein lengre periode vore involverte i ei rekke konkursar. Hovudforhandlinga vart gjennomført i november og desember 2010. Dei tiltalte vedgjeikk ikkje straffeskuld. Dommen er venta i mars 2011.



Kvitvasking

Kvitvasking omfattar alle måtar å skjule utbytte av straffbare handlingar på. Gjeld det utbytte frå eigne straffbare handlingar, snakkar ein gjerne om sjølvvasking. Det finst mange måtar å kvitvaske utbytte på. Ein vanleg metode er å investere utbyttet i lovlege investeringsobjekt som fast eigedom, bilar, båtar, aksjar, kunst og smykke. Ein annan vanleg metode er å kanalisere utbytte i verksemdar som elles er lovlege. Kvitvaskinga skjer gjerne gjennom mange ledd, selskap og aktørar. Dette er med på å tilsløre kvar pengane kjem frå. I mange av sakene teamet har etterforska, ender pengane på konti i utlandet, gjerne

i skatteparadis. Ein ny trend er kvitvasking av utbytte gjennom verdipapirmarknaden.

Døme på sak:

Fire personar er sikta i ei sak som gjeld veksling av store summor kontantar frå norske kroner til euro. Konvertering frå mindre til større valutaer er ein velkjend kvitvaskingsmodus. ØKOKRIM fatta interesse for saka fordi beløpa som vart veksla, stod i eit grovt misforhold til den offisielle økonomien til dei involverte personane. ØKOKRIM gjorde eit stort kontantbeslag i starten av etterforskinga.

Inndraging av utbytte

Utbytteteamet har i 2010 brukt store ressursar på å etterforske eit tyngre kriminelt miljø som står bak omfattande organiserte lånebedrageri. Utbyttet frå bedrageria har dei i stor grad nytta til auka privat forbruk. I tillegg har dei vaska utbyttet ved å kanalisere det gjennom ei rekkje bankkonti. Ein utstrakt bruk av stråmenn/vselskap og bruk

av bankremissar har gjort det vanskeleg å etterspore utbyttet og identifisere verdiar. Det har òg vore ei særleg utfordring at utbyttet i aukande grad er vorte plassert på klientkonti hos advokatar. Teieplikta har gjort det vanskeleg å kartlegge pengestraumar, og nokre gonger har det ikkje vore mogleg å identifisere kvar utbyttet har teke vegen.

Subsidiekriminalitet

Potensialet for fortjeneste er stort ved subsidiekriminalitet, samstundes som tildelingsrutinane i stor grad baserer seg på tillit. Det har òg vist seg at det offentlege til dels har uklare retningslinjer og mangelfulle kontrollrutinar ved tildeling av slike middel. Då vert ordningane sårbare for misbruk, og ein får ikkje dekt dei faktiske behova subsidiane i utgangspunktet er oppretta for – i næringslivet, landbruket, hos frivillige organisasjonar og så vidare. Bedrageria kan òg føre til konkurranseviding.


I dei seinare åra har ØKOKRIM hatt fleire straffesaker om subsidiebedrageri eller svindel med offentlege stønadsordningar mellom anna i transportnæringa, den private skolesektoren og avfallssektoren. Slik svindel har eit stort gevinstpotensial. Nokre av straffesakene i ØKOKRIM viser tilfelle der gjerningspersonane uretteleg har skaffa seg tilskot på fleire titals millionar kroner – for eksempel 45 millionar i OVDS-saka (transport), 25 millionar i NordTrafikk-saka (transport), 19 millionar i Petro Oil-saka og 13 millionar i Minerva-saka (privat skole). Det finst òg mange andre næringar/bransjar som får mykje stønad frå det offentlege, for eksempel landbruks- og fiskerinæringa, kulturelle føretak og ulike lag, der det finnes gode høve for å skaffe seg uretteleg stønad.

Døme på sak:

Oslo tingrett dømde i januar 2011 to tidlegare

stortingsrepresentantar til fengsel utan vilkår i høvesvis eit halvt år og 60 dagar for grovt bedrageri ved grov aktløyse. Dei to hadde fått innvilga pensjon etter den såkalla 75-årsregelen i loven av 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordninga for stortingsrepresentantar, og var tiltalte for ikkje å ha underretta Stortingets pensjonsordning om at dei hadde større inntekter enn pensjonsbeløpet (inntektstaket), noko som gjorde at dei ikkje hadde rett på den innvilga pensjonen. Den eine hadde uretteleg fått vel 2,6 millionar kroner i pensjon over en periode på sju år og tre månader, mens den andre uretteleg hadde fått vel 500 000 kroner over en periode på eitt år og fem månader.

I dommen heiter det mellom anna at dei dømde ikkje ville fått pensjon om dei hadde gjeve korrekte og fullstendige opplysningar om sine samla lønns- og styreinntekter. Dei hadde i staden vorte rettleia bort frå ordninga. Vidare står det at «de – som alle andre – har en plikt til å sette seg inn i det regelverket som gjelder på livsområdene de beveger seg inn på. Dette gjelder særlig de delene som er av sentral betydning for deres rettigheter og plikter». Retten meiner dei kan klandrast sterkt for ikkje å ha handla annleis, og at det at dei ikkje var kjent med vesentlege sider ved sin eigen inntektssituasjon, anten var av sterkt klanderverdig fåkunne eller òg nær sagt medviten fåkunne, og at dei, samanlikna med andre, har gjort lite for å finne ut kor viktig deira eigen inntektssituasjon var.





« I 2010 FEKK ØKOKRIM FELLANDE
DOM I 8 AV 10 SAKER. »

Verdipapirkriminalitet

I industrialiserte land har velfungerande verdipapir- og finansmarknader ein sentral funksjon for samfunnsøkonomien. Bryt denne marknaden saman, vil det kunne vere ein alvorleg trussel mot velferda og stabiliteten i samfunnet. Når enkeltaktørar søkjer å oppnå enorm fortjeneste gjennom kreativ tilpassing til eller omgåing av regelverket, påverkar dette marknaden som ikkje lenger fungerer som den skal. Slik kriminalitet kan svekkje tilgangen til kapital for næringslivet, og det gjer at kapitalen kanalisert irrasjonelt eller ineffektivt. Marknadsmisbruk, altså misbruk av innsideinformasjon og marknadsmanipulasjon, ser ein som dei alvorlegaste formene for verdipapirkriminalitet.

Den internasjonale finanskrisa, med Islands økonomiske kollaps og fleire tilfelle i Noreg, som Terra-saka, illustrerer kva skader som kan oppstå når marknaden ikkje lenger fungerer som det var tenkt. Den samfunnsøkonomiske funksjonen

marknadane har, kan ein verne gjennom effektiv regulering og tilsyn av marknaden og aktørane der, og straffefølgjing av brot.

Døme på sak:

Borgarting lagmannsrett dømde i mai 2010 ein fondsforvaltar og to investorar til fengsel i høvesvis eitt år og tre månader, sju månader og fem månader for omfattande brot på reglane om eigenhandel over en periode på fire år. Fondsforvaltaren hadde brukt investorane til å handle for seg, og skjulte slik sin eigen identitet bak personkontoen til ein annan i VPS. Fondsforvaltaren og ein av investorane vart i tillegg dømde til å tåle inndraging av til saman 9,8 millionar kroner. Begge investorane anka dommen til Høgsterett. Høgsterett nekta anken fremja i oktober 2010, og saka er dermed rettskraftig.

Finansielle bedrageri

Finansielle bedrageri er internasjonalt organisert og ser i stor grad ut til å vere lagde opp etter «femflaggsteorien», der aktørane jobbar i eitt land, har kundar i eit anna, har produkt i eit tredje, tek imot betaling i eit fjerde og bur i eit femte land. Kriminalitetsforma synest meir og meir utbreidd, som mellom anna skuldast aukande globalisering og bruk av internett. ØKOKRIM oppfattar at bedrageri stort sett vert utførte av fleire aktørar i samarbeid, og at mange av bedrageria vert styrde frå Oslo-området.

Førebyggjer ved å informere

Finansielle bedrageri er planlagd og organisert kriminell verksemd i nettverksliknande struktur. Kriminelle handlingar som fell inn under fleire rettsområde, og kompliserte transaksjonar med mange

partar, gjer etterforskinga vanskeleg og ressurskrevjande, og høva er små til å få gjerningsmennene dømde og pengar returnerte til ofra. Det aller viktigaste er å forhindre at personar vert lurte til å sende frå seg pengar til bedragarane. ØKOKRIM nyttar derfor nokre ressursar på førebyggjande informasjon om dette i form av åttvaringar på heimesida, utspel i mediene og dagleg kontakt med publikum via desken på ØKOKRIM.

Desken på ØKOKRIM får dagleg spørsmål om investeringsbedrageri der norske aktørar vert oppringte eller får e-post med tilbod om å investere i verdilause aksjar i utanlandske selskap. Aktørane er svært profesjonelle. I 2010 har desken òg hatt mange spørsmål frå nordmenn som har sendt store pengesummar til kvinner og menn i utlandet som dei har treft gjennom sjekkesider på internett. Den «trulova» i utlandet har gjerne introdusert ein forretningsidé, lokka med stor fortjeneste og fått nordmannen til å utbetale store summar. Ein har sett døme på at opptil 20 millionar er vorte sende ut frå ein person i Noreg til personar i utlandet. Vi får òg mange spørsmål om kjøp og sal på nettet.

« VI ER BEST TENTE MED EIT
NÆRINGSLIV MED HØG ETISK
STANDARD. »



Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet rammar som regel fellesgodane meir enn enkeltpersonar, og kjem på toppen av den belastninga naturen vert påført av lovleg verksemd. Slik kriminalitet er med på å svekke livsgrunnlaget vårt, samstundes som den reduserer høvet til å ha kontroll med den framtidige forvaltninga av naturressursane.

Forureiningskriminalitet

Bedrifter og enkeltpersonar som let seg lokke av lettvinde løysingar og stor økonomisk gevinst ved handtering og transport av farleg avfall, er blant dei som gjer seg skuldige i forureiningskriminalitet. Auka oljeaktivitet i nordområda og ein aukande oljetransport langs norskekysten gjev òg nye utfordringar på dette feltet.

Døme på sak:

Eigaren av eit oljelager inne i Ekebergfjellet i Oslo, saman med eit selskap som stod for den daglege drifta av anlegget, har vedteke førelegg frå ØKOKRIM på høvesvis 800 000 og 700 000 kroner for brot på brann- og eksplosjonsvernlova, forureiningslova og forskriftene til arbeidsmiljølova. Saka

gjaldt ei hending som førte til utslipp av olje inne i anlegget og fare for utslipp til det ytre miljøet.

Arbeidsmiljøkriminalitet

Auka tidspress, dårlege HMS-rutinar og krav om økonomisk gevinst hos bedriftene er med på å svekke tryggleiken og arbeidsforholda på ulike arbeidsplassar i Noreg. Dette gjeld spesielt i byggebransjen, skipsindustrien og landbruket. Ei hovudutfordring er det òg å kjempe mot «sosial dumping», som rammar den utanlandske arbeidskrafta både i form av underbetaling, ureglementert arbeidstid og uverdige bu- og arbeidsforhold. Sosial dumping kan òg påverke den norske arbeidsmarknaden på generelt uheldig vis ved at ein får vridd konkurransen til fordel for aktørar som ikkje følgjer reglane i arbeidslivet. Det kan sjå ut til at det vert meldt for få saker om sosial dumping.

Naturkriminalitet

For framtida handlar kampen mot naturkriminalitet om å verne om det biologiske mangfaldet. All naturkriminalitet er ein trussel mot det biologiske mangfaldet, men ein særleg trussel er ulovleg



« EIT ØYDELAGT KULTURMINNE ER BORTE FOR ALLTID. »

jakt, fangst og innsamling. Ureglementert bygging øydelegg i tillegg landskapet og privatiserer område som i utgangspunktet skal vere tilgjengelege for alle, mens ulovleg motorferdsel kan etterlate seg store skadar i naturen og forstyrre viltet. Eit anna eksempel er rømd oppdrettsfisk, som er ein trussel både mot artsmangfaldet og det biologiske mangfaldet.

Handel med truga artar og produkt eller delar av truga artar er eit aukande problem internasjonalt. Mykje tyder på at organiserte kriminelle vert stadig meir aktive på området fordi slik handel er lønsam, risikoen for å verte oppdaga er liten, og strafferammene er låge. Det er ei utfordring at vi i Noreg ikkje har særleg oversikt over kriminaliteten knytt til CITES – «Convention on International Trade in Endangered Species of wild fauna and flora». Noreg er ein del av den globale marknaden for slike produkt, og det er viktig å vere meir vaken for verdien av å verne om artsmangfaldet.

Eit utval saker:

Aksjonar – bygging i strandsona, ulovleg hummarfiske og illegal import av freda artar. Sommaren 2010 gjennomførte ØKOKRIM i samarbeid med Telemark politidistrikt ein aksjon i Kragerø mot ulovleg bygging i strandsona, der òg Kragerø kommune og Fylkesmannen i Telemark deltok. Patruljane synfør 40 eigedomar, og det vart oppretta straffesak for 15 av eigedomane. Den same sommaren leidde ØKOKRIM ein koordinert aksjon mot ulovleg hummarfiske i området frå svenskegrensa til og med Rogaland, der ni politidistrikt deltok med hjelp frå Fiskeridirektoratet, Statens naturoppsyn, Kystvakta, Skjergardstesta, Friluftsetaten og Osломarka fiskeriadministrasjon. Det vart gjort 296 beslag av ulovlege fangstreiskap, og det vart oppretta 212 straffesaker.

I februar 2010 leidde ØKOKRIM ein internasjonal aksjon i regi av Interpol, retta mot illegal handel

med tradisjonell medisin som inneheld produkt eller avleidde produkt frå truga dyre- og planteartar som står oppførte på CITES-lista. Tollvesenet, Direktoratet for naturforvaltning, Mattilsynet og Lækjemiddelverket deltok. I Noreg resulterte aksjonen i om lag ti større og mindre straffesaker.

Faunakriminalitet

Ei sak der to menn stod tiltalte for ulovleg bjørnefelling i Trysil, vart i 2010 behandla i lagmannsretten. Ein mann vart dømd til 30 dagar fengsel med vilkår og tap av retten til jakt og fangst i eitt år for aktaust å ha vore delaktig i bjørnefellinga ved å køyre hovudmannen i bilen sin og sette han av der bjørnen seinare vart felt. Den andre vart dømd til 21 dagar fengsel med vilkår for ulovleg jaging av bjørnen som seinare vart felt, ved at han gav løyve til at jakthunden hans vart nytta til å lose bjørnen. Anken frå hovudmannen, som av tingretten vart dømd til 90 dagar fengsel utan vilkår og tap av retten til jakt og fangst i tre år, vart nekta fremja av lagmannsretten.

Kunst- og kulturminnekriminalitet

Kriminalitet knytt til nasjonal og internasjonal handel med kunst og kulturminne er ei stor utfordring. Internett har skapt ein eigen marknad for denne kriminalitetsforma. Ei anna stor utfordring er det å søkje å hindre at stadig fleire kulturminne i Noreg vert ulovleg øydelagde ved at private og

offentlege aktørar medvite eller umedvite overser kulturminne i byggjeprosessar. Eit øydelagt kulturminne er borte for alltid.

Døme på sak:

ØKOKRIM har hatt to viktige kulturminnesaker for Høgsterett. I ein dom i oktober 2010 slo Høgsterett fast at det straffeverdige først og fremst er at ein tek seg til rette på eit kulturminneområde, og ikkje kor stor del av området som vert ramma av inngrepet. På Onarheim i Tysnes kommune hadde eit fiskeoppdrettsforetak lagt ein om lag 40 meter lang førebels veg i strandsona, og ein liten del av vegen gjekk over eit kulturminneområde. Foretaket, styreleiaren og entreprenøren vart dømde til bøter på høvesvis 300 000, 150 000 og 60 000 kroner.

Ved dom i juni 2010 slo Høgsterett fast at eigaren av ei freda barfrøstue på Koppang, som hadde fjerna inventar frå stua, ein antikvitetshandlar og kjøparen av inventaret, skulle dømast for forholdet. Hovudmannen vart dømd for brot på kulturminnelova til 30 dagar fengsel med vilkår. Antikvitetshandlaren vart dømd for heleri til 21 dagar fengsel med vilkår og 20 000 kroner i bot, medan hytteeigaren vart dømd for heleri til ei bot på 20 000 kroner. Gjenstandane – eit skatoll, eit framskap, eit matskap og veggbenkar – vart inndregne frå hytteeigaren.

Eininga for finansiell etterretning (EFE)

EFEs hovudoppgåve er å få inn og analysere rapportar om mistenkjelege transaksjonar (MT-rapportar) frå dei som etter kvitvaskingslova er rapporteringspliktige. Når den finansielle informasjonen er vorten supplert og vidarearbeidd, vert delar av informasjonen send vidare til politiet, forvaltningsorgan med kontrolloppgåver og EFE-einingar i andre land. EFE skal òg vere eit nasjonalt kompetansesenter for spørsmål om kvitvasking.

EFE følgjer kriminalitetsutviklinga og held tett kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar for å sørge for kompetanse- og metodeutvikling

i politiet og hos dei rapporteringspliktige. EFE er elles med i aktuelle internasjonale fora i kampen mot kvitvasking. Målet er å førebyggje og kjempe mot kvitvasking av utbytte frå straffbare handlingar og terrorfinansiering gjennom formidling av etterretningsinformasjon.

Kvitvaskingslova

Målet med kvitvaskingslova er å førebyggje og avdekkje transaksjonar knytte til utbytte av straffbare handlingar eller til terrorhandlingar. Lova pålegg dei rapporteringspliktige (mellom anna

finansinstitusjonar, forsikringsselskap, pengeoverføringsaktørar, meklarar, advokatar, revisorar, rekneskapsførarar og forhandlarar av gjenstandar) ei rekkje plikter.

Sentrale plikter er:

- identitetskontroll
- registrering og oppbevaring av opplysningar
- undersøkjings- og rapporteringsplikt
- interne kontroll- og kommunikasjonsrutinar

Målet med rapporteringsplikta er å gjere det enklare å avdekke kvitvaskingshandlingar og på den måten hindre at dei rapporteringspliktige vert brukte som kanalar for kvitvasking av pengar. Er det mistanke om at ein transaksjon kan stamme frå utbytte av ei straffbar handling, skal dei rapporteringspliktige undersøkje nærare for å få avsanna eller stadfesta mistanken. Fell ikkje mistanken bort etter undersøkinga, skal alle opplysningar om transaksjonen sendast til EFE ved ØKOKRIM i form av ein MT-rapport. EFE har gjennom 2010 nytta fleire høve til å understreke kor viktig det er med gode rapportar, mellom anna gjennom foredrag og møte med dei rapporteringspliktige.

MT-rapportar – rapportar om mistenkjelege transaksjonar

Ein MT-rapport er ein rapport frå ein rapporteringspliktig om ein mistenkjeleg transaksjon som kan stamme frå utbytte av ei straffbar handling eller forhold som kjem innunder straffelova. Ein MT-rapport kan omhandle gjerningspersonen bak eit primærlovbrot, eller den kan omhandle ein som har medverka til ei kvitvaskingshandling. Primærlovbrotet kan vere ei handling som ikkje direkte ramar nokon (for eksempel ulovleg spritsal, narkotikaomsetjing, skatteunndraging), eller ei handling som ramar ein fornærma part (for eksempel ran, bedrageri, tjuveri). Der det er ein direkte fornærma part, vil denne parten ikkje alltid forstå eller kjenne til at han er krenkt (for eksempel ved underslag eller bedrageri). Slik kan ein MT-rapport vere den einaste inngangen til ei sak, og eit forhold vil dermed kunne verte rapportert før den fornærma sjølv oppdagar det.

Straffesaker

EFE nyttar hovudsakeleg etterretningsrapportar til å formidle informasjon til politiet og til forvaltningsorgan med kontrolloppgåver, som skattevesenet

	2010	2009	2008	2007	2006
Bankar	2 618	2 176	2 073	2 556	1 481
Verksemder for betalingsformidling	3 734	3 681	6 680	4 656	5 380
Forsikringsselskap	42	31	15	34	31
Verdipapirforetak	7	1	1	4	10
E-pengeforetak	0	0	1	2	-
Meklarar	15	21	11	19	5
Revisorar	86	97	78	75	46
Rekneskapsførarar	59	58	44	15	12
Advokatar	6	12	7	13	10
Forhandlarar av gjenstandar	78	82	109	119	27
Andre	15	2	7	16	7
Tal på rapportar per år	6 660	6 161	9 026	7 543	7 042

Figur 7. Mottatte MT-rapportar frå dei ulike rapporteringspliktige

og NAV. I spesielle tilfelle startar EFE straffesaker på eige initiativ, og sender så ei melding til politiet eller andre team ved ØKOKRIM, som etterforskar saka. Men straffesaker kan òg bli oppretta som eit resultat av at EFE sender informasjon til forvaltningsorgan med kontrolloppgåver. Desse kan så undersøkje nærare og reagere med eit forvaltningsvedtak eller melde saka til politiet.

Døme på sak:

Når ein kriminell sjølv prøver å skjule kvar utbyttet frå eigne kriminelle handlingar stammar frå, kallar ein det sjølvvasking. Ein mann vart av Nord-Troms tingrett dømd til tre års fengsel, inndraging av 16 millionar kroner og retten til å drive næringsverksemd for resten av livet for mellom anna grov sjølvvasking av kriminelt utbytte. Mannen hadde gjort seg skuldig i grov utruskap ved at han overførte ca. 17,5 millionar kroner frå firmaet han var eineiegar i, til private konti, konti som han disponerte for andre personar, og ved kontantuttak. Retten fann det uomtvisteleg at utbyttet frå denne utruskapen hadde vore gjenstand for overføring og konvertering. Dommen er ein av få dommar som gjeld sjølvvasking så langt. EFE bidrog med fleire etterretningsrapportar i denne saka.

Kompetanseutvikling

Ein viktig del av arbeidet i EFE er å spreie kunnskap om finansiell etterretning og vidareformidle informasjon til politidistrikta og kontrollorgana. EFE driv òg mykje med undervising for dei som etter kvitvaskingslova er rapporteringspliktige. Gjennom 2010 har dei halde fleire foredrag, og ØKOKRIM var medarrangør av den årlege kvitvaskingskonferansen på Sundvollen.

Ulike rapporteringspliktige – ulike rapporter

Omfanget og innhaldet i MT-rapportane varierer mellom dei ulike gruppene rapporteringspliktige. Ein MT-rapport frå ei verksemd for betalingsformidling gjeld ofte ikkje meir enn ein person og ein transaksjon. Ein MT-rapport frå ein revisor er derimot i dei fleste tilfella mykje meir omfattande og inneheld gjerne informasjon om fleire personar og mange transaksjonar. Dei fleste MT-rapportane

kjem frå betalingsformidling og bankar. Det kjem av at ein der er godt kjend med rapporteringsplikta, at dei har størst kundekrets og at desse verksemdene har vore omfatta av rapporteringsplikta lengst.

Rapporteringa i 2010

I 2010 tok EFE imot 6 660 MT-rapportar, ein oppgang på om lag ti prosent. Banksektoren står for den største auken i talet på MT-rapportar, frå 2176 i 2009 til 2618 i 2010. Auken er positiv, men òg forventa, i og med at den nye kvitvaskingslova sannsynlegvis no er godt kjent, og ein no nyttar ressursane meir på operativt kvitvaskingsarbeid enn på opplæring. Forsikringssekskapa har òg hatt ein god auke i talet på rapportar. Vi reknar med at dette er eit uttrykk for at ein no betre forstår korleis forsikringsprodukt kan verte misbrukte til kvitvasking.


Vi er godt nøgde med at verksemdar for betalingsformidling framleis har like høg rapportering. Betalingsformidling er ein bransje som er særleg sårbar for kvitvasking. Det er ofte tett samanheng mellom rapportane frå betalingsformidlarar og interessante objekt for politiet.

Dessverre viser statistikken at enkelte bransjar framleis rapporterer svært lite. Når ein ser på transaksjonsvolumet i desse bransjane, kan det synast som at underrapporteringa her er stor.

Rapporteringa til ØKOKRIM er ujamn. Kvaliteten varierer mellom bransjane, innafor bransjane og i enkelte tilfelle òg mellom rapportar frå den same rapporteringspliktige institusjonen. Det er ofte basert på skjønn om ein skal rapportere til ØKOKRIM, og dei ulike rapporteringspliktige har ulike føresetnader for å kjenne kundane sine og vurdere mistanken. Derfor er det naturleg at innhaldet i MT-rapportane varierer.

Utveksling av informasjon – tal over produkt frå EFE

EFE produserte 292 etterretningsrapportar i 2010, ein nedgang frå 352 rapportar i 2009. Forklaringa på nedgangen er først og fremst at delar av teamressursane har gått med til etterforskning av ei straffesak (sjå «Kvitvasking»). Talet på meldingar



Figur 8. Innkomne MT-rapportar dei siste fem åra

og eigenrapportar i straffesaker som er produserte ved teamet, er 23, to færre enn i 2009. EFE meldte frå om 122 hendingar til politiets etterretningssystem Indicia, ein auke frå 81 hendingar i 2009.


EFE fekk 58 førespurnader frå utanlandske EFE-eingar i 2010, ein merkbar nedgang frå dei 79 som vart motteke i 2009 (sjå figur 9).

Internasjonalt samarbeid

Kampen mot kvitvasking er eit relativt nytt samarbeidsområde i internasjonal samanheng. Standardane for tiltak som er vidareførte i nasjonale lovverk rundt om i verda, vart først utarbeidde på slutten av 1980-talet. Å kjempe mot terrorfinansiering fekk høg internasjonal prioritet etter terrorangrepa i USA 11. september 2001. EFE er i dag med i fleire internasjonale fora som arbeider med desse spørsmåla.

EFE er representert i den norske FATF-delegasjonen, og har sidan 2009 vore medordstyrar i ei av arbeidsgruppene. I tillegg deltok EFE på og heldt ein presentasjon under plenumsmøtet i Egmont-gruppen i Cartagena, Colombia, i 2010.

I 2010 hadde EFE besøk av delegasjonar frå Albania, Bulgaria og Zambia som dei òg heldt foredrag for. I tillegg har dei hjulpet den makedonske EFE-einga med å implementere ei ny IT-løysing,



Figur 9. Utvikling i talet på førespurnader frå andre EFE-eingar

og i den samanheng besøkte ein makedonsk delegasjon oss i Oslo, og EFE gjennomførte eit gjenbesøk hos dei i Skopje. I Interpol-regi har EFE hjulpet EFE-einga på Seychellane. EFE har òg vore vertskap for eit møte om terrorfinansiering med nordiske samarbeidspartnarar.

For meir informasjon om kvitvasking og kvitvaskingsregimet, sjå www.hvitvasking.no.

Bistandssaker

ØKOKRIM gjev bistand, både i form av etterforsking og konsultasjon, i alle typar økonomiske straffesaker, miljøstraffesaker og innafor finansiell

etterforsking. Totalt har ØKOKRIM hjelpt til i 51 nye saker i 2010.

Bistandsteamet

Ved ØKOKRIM er det eit eige bistandsteam som har som einaste oppgåve å hjelpe politidistrikt og særorgan. Bistandsteamet har etterforskarar med politi- og revisorbakgrunn, som kan hjelpe til i alle fasar av etterforskinga og til dom er avsagt. Typiske bistandssaker kan vere større bedragerisaker, konkurssaker, korrupsjonssaker og saker om fiskerikriminalitet.

I 2010 har Bistandsteamet registrert 19 nye bistandssaker. Sakene er fordelte på 13 politidistrikt, PST og Spesialeininga for politisaker. Teamet har i hovudsak òg ansvaret for å følgje opp rettsoppmodingar som kjem til ØKOKRIM frå utlandet. I 2010 vart det registrert seks rettsoppmodingar frå seks land.

Bistandsteamet har ansvaret for å følgje opp økoteama i politidistrikta, og arrangerer i den samanheng eit årleg tredagars fagseminar. I 2010 arrangerte vi òg ei todagars samling for økoteamleiarane i politidistrikta.

Eit utval saker:

Mistanke om korrupsjon ved kjøp av leilegheiter i Tønsberg. Sommaren 2010 hadde Tønsberg Blad ei rekkje artiklar som ymta om at ting ikkje hadde gått heilt rett for seg då to sentrale FrP-politikarar kjøpte leilegheiter utanfor Tønsberg i 2009. Økoteamet i Vestfold sette i gang etterforsking med hjelp frå ØKOKRIM. Etterforskinga viste at det ikkje var haldepunkt for å hevde at desse leilegheitene hadde vorte selde til desse to på særskild grunnlag, eller at prisen dei hadde betalt ikkje var innafor marknadsprisen. Saka vart lagd vekk.

Kjøp av teletenester til kommune. ØKOKRIM har vore rådgjevar for Hordaland politidistrikt i etterforskinga av påstandar om mogleg korrupsjon i Bergen kommune då kommunen inngikk kontrakt om levering av tele- og kommunikasjonsutstyr. Saka har vore under ekstern gransking og fekk mykje omtale i media før ho vart meld til politiet. Etterforskinga er ikkje avslutta.



« Kvitvasking er handlingar som er med på å skjule at noko stammer frå ei straffbar handling. »

Kompetanseorganet ØKOKRIM

For at ØKOKRIM skal kunne fylle sin rolle må våre medarbeidarar ha høg kompetanse, og kompetansen må stadig utviklast for at vi skal kunne møte utfordringane på våre område. Som spissorganet innafor økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i Noreg driv ØKOKRIM mykje med ekstern opplæring og opplysning.

Medarbeidarar ved ØKOKRIM held foredrag, skriv fagartiklar, fagbøker og debattinnlegg, og er med som kursleiarar og forelesarar på våre fagområde. Mellom anna underviser fleire av ØKOKRIMs medarbeidarar ved Politihøgskolen og for kontrollatar, næringslivet og andre samarbeidspartnarar.

Frå opplæringsverksemda vår kan vi nemne at vi i 2010 har gjennomført fleire opplærings tiltak for islandske etterforskarar og dommarar for å støtte den strafferettslege oppfølginga av bankkollapsane som førte landet inn i finansiell krise. Vi har halde fagseminar om økonomisk kriminalitet for økoteama og miljøkriminalitet for miljøkoordinatorar og miljøjuristar i politidistrikta. Vi har arrangert revisorseminar for politirevisorane, bistandsrevisorane og revisorar frå skattekrimeiningane. Vi har undervist Kystvakta og Fiskeridirektoratet, Konkursrådet, ulike rapporteringspliktige og studentar på masterstudiet i skatterett på BI. Og vi har halde diverse foredrag nasjonalt om

skatteparadis. Mellom anna.

I Noreg samarbeider ØKOKRIM tett med ulike kontrollorgan. Vi har regelmessige møte med leiinga i Finanstilsynet, Skattedirektoratet, Toll- og avgiftsdirektoratet, Konkurransetilsynet, Kripes og Politiets tryggleiksteneste. Vi er med i «Stopp nettsvindel» og er i styringsgruppa til ID-tyverprosjektet. ØKOKRIM er leiar for Tverrfagleg faggruppe i kampen mot kunst- og kulturminnekriminalitet, og deltek òg i Politidirektoratets arbeidsgruppe for ei nasjonal dataløysing for registrering av stolne kunstgjenstandar og kulturminne. Vi gav ut ei fagbok om arbeidsmiljøkriminalitet og ein omfattande trusselvurdering for områda økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i 2010. I tillegg har ØKOKRIM ansvar for infosida www.hvitvasking.no saman med Finanstilsynet, og vi gjev ut tidsskriftet Miljøkrim tre gonger årleg.

Økonomisk kriminalitet skjer i stadig større grad på tvers av landegrensene. Skal ein etterforske komplekse saker med forgreiningar til utlandet, krev det kontakt og samarbeid med utanlandske politimakter. I tillegg til samarbeid i konkrete saker deltek vi på møte med Interpol, Europol, OECD, GRECO (Group of States against Corruption) og FATF (Financial Action Task Force). I 2010 var ØKOKRIM òg vertskap for den nordiske økokonferansen.



Frå lanseringa av fagboka om arbeidsmiljøkriminalitet våren 2010.





ØKOKRIM

ÅRSMELDING

design av og for
ØKOKRIM 2011

ØKOKRIM – den sentrale eininga for etterforsking og
påtale av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

Postadresse: Pb. 8193 Dep, N-0034 OSLO

Besøksadresse: C.J. Hambros plass 2 B, N-0164 OSLO

Telefon sentralbord: 23 29 10 00

Tipstelefon/desken: 23 29 11 00

Telefaks: 23 29 10 01

E-post: post.okokrim@politiet.no/desken.okokrim@politiet.no

Nettside: www.okokrim.no